



Foto: Merete Byre-Haakensen

Reglement for godtgjering av folkevalde i Lom kommune

KOMMUNESTYRET 30.11.2021

Innhald

Definisjonar	2
Frikjøp og fast godtgjering	3
Møtegodtgjering.....	4
Utgiftsdekning	4
Generelt.....	5

Gode rammevilkår er viktig for å rekruttere og halde på folkevalde. Ordna arbeidsvilkår er difor ein føresetnad for eit velfungerande lokaldemokrati. I ny kommunelov er rettar og plikter for folkevalde lovfesta i kap. 8, med mellom anna rett til dekking av utgifter og økonomisk tap, samt rett til arbeidsgodtgjering for det politiske arbeidet.

Definisjonar

Frikjøp

betyr at kommunen som ei fast ordning gjev den folkevalde høve til å søkje permisjon utan løn frå heile eller delar av den stillinga vedkommande har, slik at han/ho på ein betre måte kan planleggje politisk verksemd opp mot arbeid og andre gjeremål (kommunelova kap. 8). For kommunen tyder det at ein sikrar seg at sentrale folkevalde er disponible for politisk arbeid, t.d. på faste møtedagar. For deltidstilsette skal frikjøp gjevast av den løna arbeidstida dersom ombodet ønskjer det. Frikjøpet vil bli kompensert med fast godtgjersle eller ved refusjon av løn til arbeidsgjevar (For kommunalt tilsette HTA kap1 § 7)

Godtgjering

er ein økonomisk kompensasjon for meirarbeid ved å vere folkevald. Godtgjersle kan vera fast i samband med bestemte verv, eller knytt til den møteverksemd den enkelte har (kommunelova kap. 8) All godtgjersle til folkevalde blir rekna i prosent av vedteke beløp.

Utgiftsdekking

er ein rein refusjon for utgifter og tap som den enkelte folkevalde får i samband med utøving av ombodet. Alle utgifter må dokumenterast før utbetaling.

Frikjøp og fast godtgjering

Ordfører

Ordføreren si godtgjering blir fastsett av kommunestyret i samband med behandling av årsbudsjettet. Ordfører si godtgjering er 85 % av stortingsrepresentantane si faste godtgjering. Øvrige satsar for godtgjering av politiske verv og møte er basert på ordfører si godtgjering. Godtgjeringa regulerast årleg med verknad frå 01.01., det vil seie med tilbakeverkande kraft når reguleringa av stortingsrepresentanten si godtgjering er kjend. Ordfører har same rett til sjukepengar og ytingar ved yrkesskade som tilsette i kommunen, jf. kommunelova §§ 8-8, 8-9, samt permisjonsrettigheter gjeve i § 8-10. Pensjonsordning for folkevalde er vedteke i kommunestyresak 14/2014.

Etterlønsordning for ordfører

Ordfører kan etter søknad til formannskapet få utbetalt godtgjering i inntil 3 månader etter at funksjonsperioden er ute. Ordninga har fylgjande føresetnader:

- nivå tilsvarande godtgjering ved utløp av funksjonstida.
- ordninga gjeld dersom ordfører ikkje mottek løn eller annan godtgjering.
- ordfører stiller seg til disposisjon for kommunen.

Varaordfører

Varaordfører mottek 10% godtgjersle som fast godtgjering.

Når varaordfører fungerer på full tid som ordfører samanhengande utover 5 dagar, godtgjerast varaordfører som ordfører frå dag 1.

Formannskap

Ombodslønna er 80% av ordførarløna.

Formannskapet sine medlemmar blir frikjøpt med 10 % av ombodsløn (4 stk.) og med fast godtgjersle tilsvarande 5 % av ombodsløn (3 stk.).

Folkevalde som tek i mot fast årleg godtgjersle har ikkje krav på møtegodtgjersle. Dette gjeld likevel berre i det utval den folkevalde måtte ha fast godtgjersle i.

Fråvær

Fråvær utan sjukemelding / eigenmelding frå meir enn 1/3 av møta i løpet av eit kalenderår, fører til ein reduksjon på 25% i den faste godtgjersla. Beløpet vil bli trekt/kravd betalt attende.

Møtegodtgjering

1. Møtegodtgjering vert ikkje gjeve til ordførar og varaordførar.
2. Det skal førast protokoll eller referat frå møta som dokumentasjon for utbetaling av møtegodtgjering.
3. Satsar pr. møte:

Medlemmar av kommunestyre og leiarar i øvrige råd og utval som er oppnemnd av kommunestyret får 0,15 % av ombodsløn. Ved møte som varar under ein time får medlemmane godtgjort 0,05 % av ombodslønn.

Medlemmar i øvrige, faste utval og andre utval og råd som er oppnemnd av kommunestyret får 0,1 % av ombodslønn.

Medlemmar i ungdomsrådet får 0,05 % av ombodslønn.

4. Føresegna i pkt. 3 over gjeld også interkommunale utval der oppnemning er gjort av kommunestyret eller formannskapet. Viss ein mottok godtgjering frå anna hald, fell den kommunale godtgjeringa bort.

Utgiftsdekning

1. Kompensasjon for tapt arbeidsforteneste vert gjeve for den tida ein er borte frå arbeidet sitt (reisetid+møtetid), og kjem i tillegg til fast godtgjering/møtegodtgjering.

For folkevalde som arbeider turnus eller tilsvarande vert det gjeve kompensasjon for tapt arbeidsforteneste for vakter som ein ikkje får hatt som følge av møtetid. Dette gjeld vakter både før og etter møtetid som ikkje kan gjennomførast som følge av deltaking på møte. Det vert satt eit makstak for tap pr døgn på 0,25% av ombodslønn.

2. For folkevalde som får tap i arbeidsinntekta si i samband med kommunale verv, dekker kommunen dette tapet på grunnlag av attest frå arbeidsgjevaren eller anna dokumentasjon.
3. Folkevalde som har utgifter i samband med kommunale verv, kan mot dokumentasjon få dekt utgiftene (barnepass, avløysar og liknande).
4. Udokumentert tap av inntekt blir kompensert med ein sats på 0,04% av ombodslønn pr. time. Dette gjeld folkevalde som er sjølvstendig næringsdrivande eller utan fast lønna arbeid som heimeverande, pensjonistar og studentar.
5. Kjøregodtgjersle blir dekt etter statens satsar.

Generelt

Utbetaling

Møtegodtgjersle, erstatning for tap i arbeidsinntekt og reise- og kostgodtgjersle vert utbetalt ved vanlege lønsutbetalingar. Fast årleg godtgjersle blir utbetalt månadsvis.

Tolking

Spørsmål om korleis reglementet er å forstå blir avgjort av formannskapet.